



Det private vassverket i Uskedalen har lenge vore plaga av ein betydelig lekkasje på nettet utan at ein har kjent den eksakte lekkasjestaden. Oppmodingar til abonnentane og andre om å hjelpe til med lokaliseringen har ikkje ført til noko, men i dag skjedde det noko gledeleg. Ein antatt stor lekkasje vart funnen.

Røyrleggjar Knut Stensletten i Eik Røyr fann truleg det bokstaveleg tala ømme punkt. Godt hjelpe av avansert teknisk utstyr kunne han slå fast at lekkasjen er nokre få meter frå det nye renseanlegget på Korsnes. Då hadde han sjekka og avvist to andre aktuelle stader i Korsnes-området.

Lekkasjen er å finna midt i eit gatekryss under eit solid lag med heller nylagt asfalt og det er ein relativt stor operasjon som må skje før og etter tettinga. Men det er viktig å få han gjennomført før det blir kaldare i veret.

Hvis det ikkje hadde lukkast å finna lekkasjen før vinteren kunne det vorte kritiske tilstander i vinter med omsyn til vassforsyninga frå Eikelva.

Men det står att å finna ein eller fleire mindre lekkasjer, mellom andre ein mellom grana og Kleivadalen. Difor held lekkasjejakta fram.

Men vassverkleiar Hans Reidar Kjærland reknar med at dei no har funne den klart største lekkasjen.

I den seinere tid har dei "mista" så mykje som halvparten av den vassmengda som har gått ut på nettet - det vil seia 4-5 liter av 10-12 liter i sekundet.

Over er Knut Stensletten på veg ned for å kopl ut og inn vassleidningen på Korsnes og under måler han det eksakte punkt der det skal slåast hol i asfalten.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen

